

NotatDato: 10.01.2018
Arkivsak: 2017/93-3
Saksbehandlar: heilars

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmann

Rapportering for bruk av kompetansemidlar i landbruket 2017

Fylkeskommunane fekk frå og med 2010 eit utvida ansvar for gjennomføring av landbrukspolitikken på regionalt nivå. Hordaland fylkeskommune blir invitert til å komme med innspel til jordbruksforhandlingane og får kvart år overført 1,2 millionar frå Landbruks- og mat departementet (LMD). Midlane er øyremerka rekruttering til landbruksnæringa, kompetansehevande tiltak for næringsutøvarar i landbruket og styrke rekruttering til naturbruk i den vidaregåande skolen. Hordaland fylkeskommune sender skriftleg rapport til LMD om korleis midlane i slutten av januar 2018. Frist for rapportering er 1.februar 2018. Punkta i rapporten er presentert under.

Arbeid, organisering og samhandling

Tildeling av midlane overført til Hordaland fylkeskommune skjer etter søknadsfrist to gonger i året. Søknadene handsamast av ein komité samansett av representantar frå Hordaland fylkeskommune ved både regional- og opplæringsavdelinga, Hordaland Bondelag, Hordaland Bonde og Småbrukarlag, Innovasjon Noreg og Fylkesmannen i Hordaland si landbruksavdeling. Dei leverar ei tilråding til Hordaland fylkeskommune ved Regionaldirektør på korleis midlane skal fordelast. Samansetninga i komiteen sikrar samordning med andre regionale satsingar og midlar.

Innspel til jordbruksforhandlingane

Hordaland fylkeskommune skal levere innspel til jordbruksforhandlingane 2018. Innspela er til politisk handsaming i Fylkesutvalet. Fylkeskommunen har samla relevante aktørar, og koordinert innspela som har kome i drøftingane før politisk handsaming.

Rapportering 2017 Tilskotsmidlar til rekruttering, likestilling og kompetansemidlar i landbruket

Fylkeskom mune	Tildelt 2017	Innvilget 2017	Overført fra 2016	Ansvar per 10/01-18
Hordaland fylkeskom mune	1.200.000	1.200.000	0	2.509.500.

Per 10.01.2018 er det prosjekt for totalt 2 509.500 kr som har fått tilsegn og som ikkje er avslutta.

Tildelte midlar for 2017

I 2017 var søkt om stønad til 15 prosjekt. Av desse var det 13 prosjekt som fekk stønad. Tabellen under syner tittel på prosjekta, namn på søker, samt kor mykje dei fikk i stønad. Vår erfaring er at dei fleste

prosjekt som får tildeling frå midla til rekruttering og kompetanse i landbruket blir gjennomført som planlagt og bidreg positivt til heving av kompetanse og lønnsemd i landbruket. Sjølv om midlane er forholdsvis små er dei ettertrakta og gjer gode resultat.

Prosjekta har fått stønad av 2017 potten er av ulik karakter. Fleire av prosjekta legg til rette for livslang læring for Hordaland bonden og er retta mot etablerte bønder. Nokre av prosjekta har element av digitalisering i seg og testar ut digitale løysingar som skal gjere kurs lettare tilgjengelege og rimelegare. Rekruttering og gjere landbruket interessant for born og unge er sentral og 4H har fått midlar til to prosjekt over årets pott.

Litt under halvparten av dei tildelte midlane går til agronom- og gartnerutdanning for vaksne. Agronom og gartner utdanning for vaksne er prosjekt som har lykkast, tilbodet er ettertrakta, gjennomførings tala er gode, resultatata frå dei som tek utdanning er gode, tilboda kjem heile fylket til gode og dei som tek utdanninga bidreg positivt til næringa. Hordaland fylkeskommune har sendt søknad om midlar til vidareføring av drift av vaksenagronomkurs ved Stend vidaregåande skule gjennom ordning for «Nasjonal modell for voksenagronomen».

Tittel på prosjekt	Søker	Innvilga
Norsk landbruksrådgiving Vest SA	NLR Dynamisk Strategi 2017	32000
Norsk landbruksrådgiving Vest SA	Bonden som byggherre? 2017	55000
Norsk landbruksrådgiving Vest SA	Førebygging-sjølvhjelp-førstehjelp i landbruket 2017	80000
Norsk landbruksrådgiving Vest SA	Norske Frukt dagar 2018	25000
Norsk landbruksrådgiving Vest SA	NLR Mentor sau og ammeku	120000
Norsk landbruksrådgiving Vest SA	Pilotkurs for utprøving av nettbasert undervisning på SNOP	130000
Stend vidaregåande skule	Agronomutdanning for vaksne Vg2 2017-18 - RULL	120000
Stend vidaregåande skule	Agronomutdanning for vaksne Vg3 2017.18 Rull	120000
Hjeltnes vidaregåande skule	Gartnerutdanning deltid skuleåret 2017-18	265000
4H Hordaland, 4H Rogaland, 4H M og R, 4H SogF	4H-gard i vekst 2. prosjektår	100000
4H Hordaland	SUPERHELG 2018 -organisasjonsopplæring for barn	50000
Kvam herad	Arbeidsretta opplæring og rettleiing for flyktningar i landbruket ved bruk av digital læringsarena	38000
Hordaland Sau og Geit	Organiseringa av ein fagdag om ny og viktig kunnskap om sauedrift på utmark	65000
TOTALT		1 200 000